

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 14/882-6

Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 - prioritering i opplæringssektoren

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

Prioriteringsrekkefølga på tenestene i opplæringssektoren, slik den går fram av saksutgreiinga, vert lagt til grunn for det vidare arbeidet i finansutvalet.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

Skriv til drøfting nr 7. til HO på møtet 27.05.14: *Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 – opplæring*

SAKSFRAMSTILLING

SAMANDRAG

Hovudutvala fekk, i arbeidsdokument 1/14 frå fylkesrådmannen til finansutvalet, i oppgåve å fremje ei innbyrdes prioritering mellom dagens aktivitetar på eigen sektor.

Fylkesdirektøren definerer i kapittel 2 kjernenivå på lovpålagde oppgåver og har ein gjennomgang av føremål, innsparingspotensiale og konsekvensar av eventuell reduksjon i/bortfall av løyvingar for alle tenester ut over kjernenivået.

Fylkesdirektøren kjem i kapittel 3 med framlegg til prioriteringsrekkefølge for tenestene i opplæringssektoren.

1. BAKGRUNN FOR SAKA

Hovudutvala fekk, i arbeidsdokument 1/14 frå fylkesrådmannen til finansutvalet, i oppgåve å fremje ei innbyrdes prioritering mellom dagens aktivitetar på eigen sektor. Fylkesdirektøren la i HO-møtet 27.05.14 fram notat til drøfting som grunnlag for den vidare prioriteringssaka. Notatet følgjer som prenta vedlegg 1 til denne saka. For nærare omtale av bestillinga frå finansutvalet, arbeidsmetode for å løyse oppdraget og lovgrunnlag knytt til opplæringssektoren viser vi til det vedlagde notatet.

I arbeidet med den endelege saka om prioritering er det gjort endringar i høve drøftingsnotatet både med omsyn til sortering av tiltak og økonomiske berekningar.

Fylkesdirektøren kjem i denne saka med framlegg til prioriteringsrekkefølge for tenestene i opplæringssektoren.

Fagopplæringsnemnda får saka lagt fram til uttale.

2. GJENNOMGANG AV TENESTENE I OPPLÆRINGSSEKTOREN

I gjennomgangen under er tenestene i opplæringssektoren delt inn i følgjande «pakkar»/tenesteområde:

«Pakke»/tenesteområde		Programområde
1	Vidaregåande opplæring i skule	510 Skulelokale og internatbygningar 515 Fellesutgifter og støttefunksjonar knytt til vidaregåande opplæring 520 Pedagogisk leing, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevoppgjer 521-532 Utdanningsprogramma 561 Oppfølgingstenesta og pedagogisk psykologisk teneste 562 Tilpassa opplæring
2	Vidaregåande opplæring i bedrift	570 Fagopplæring i arbeidslivet
3	Vaksenopplæring	581 Vaksenopplæring etter opplæringslova
4	Landsliner	559 Landsliner
5	Fagskuleutdanning	554 Fagskule
6	Andre føremål	590 Andre føremål

Vidare er kvar av «pakkane»/tenesteområda delt inn slik:

- «Kjernenivå»: minimumsnivå på lovpålagde tenester
- «Framhald av dagens tenestenivå» - vurdering av:
 - Struktur og ressursnivå på lovpålagde tenester
 - Tenester som ikkje er lovpålagde

Under følgjer ein gjennomgang av kjernenivå og framhald av dagens tenestenivå innan dei ulike «pakkane»/tenesteområda. Fylkesdirektøren har lagt til grunn slike føresetnader:

Kjernenivået representerer minimumsnivå på lovpålagde oppgåver innanfor alle «pakkar»/tenesteområde. Fylkesdirektøren har lagt til grunn at minimumsnivået kan definerast som differansen mellom totalløyvinga på dei ulike tenesteområda og løyvingane som ligg utanfor kjernenivået. Fylkesdirektøren si vurdering er at det ikkje let seg gjere å konkretisere dette nivået meir no.

For dei lovpålagde tenestene utanom kjernenivået har fylkesdirektøren vurdert struktur og ressursnivå.

For dei ikkje lovpålagde tenestene er det ikkje vurdert struktur og nivå på tenestene, men lagt til grunn at det er mogleg å ta bort tenestene i sin heilskap utan å bryte lova. Fylkesdirektøren har for desse områda ikkje drøfta eventuell konsekvensane av delvise reduksjonar opp i mot å ta bort heile tenester.

For alle tenestene utanom kjernenivået er det ein kort omtale av føremål, mogleg innsparingspotensiale på kort (2015 og 2016) og lang sikt og konsekvensar av eventuell reduksjon i dei økonomiske rammene/eventuelt bortfall av tenestene.

Innsparinga som følgje av skulebruksplanen er innarbeidd i gjeldande budsjett og økonomiplan. I vurderinga av innsparingspotensialet i sektoren tek fylkesdirektøren difor utgangspunkt i dei løyvningsnivået etter gjennomføring av skulebruksplanen. Mogleg innsparingspotensiale er såleis

knytt til reduksjonstiltak ut over tiltaka som ligg i vedteken skulebruksplan. Generelt vil det vere svært uheldig å spare inn personalressursar i løpet av skuleåret 2014-2015. Nokre av dei kortsiktige innsparingane vil difor først gje full effekt frå 2016.

Fylkesdirektøren kjem til slutt med tilråding til prioriteringsrekkefølge for tenestene i opplæringssektoren.

Løyvingar knytt til opplæringssektoren som vert handsama som ein del av «forvaltning» i arbeidsdokument 3/14 frå fylkesrådmannen til finansutvalet:

- Løyvinga Til disposisjon for utvala er i budsjett og økonomiplan lagt under forvaltningsbudsjettet i fylkeskommunen. I økonomiplanperioden 2015-2018 er det sett av 0,5 mill. kr til disposisjon for hovudutval for opplæring. Løyvinga har dei siste åra vore nytta til å delfinansiere systemutviklingskostnader.
- Dei sentraladministrative ressursane knytt til opplæringssektoren er trekt ut av budsjetttramma som vert handsama i denne saka.
- Elev- og lærlingombodet vert ut frå krava i KOSTRA budsjettetert under opplæring. Løyvinga til føremålet er trekt ut av budsjetttramma som vert handsama i denne saka.

2.1 «PAKKE»/TENESTEOMRÅDE 1: VIDAREGÅANDE OPPLÆRING I SKULE

2.1.1 Løyvingsnivå i budsjett og økonomiplan

Samla løyvingsnivå i perioden (i mill. kr):


2014	2015	2016	2017	2018
687,1	687,4	677,3	651,2	626,0

Reduksjonen i den økonomiske ramma i perioden kjem som følgje av redusert gruppetal og strukturendringane som følgje av skulebruksplanen. For åra 2014-2016 inneheld løyvinga eit auka nivå på omstillingsmidlar i samband med omstillingsarbeidet.

KOSTRA-tala for 2013 viser at Sogn og Fjordane fylkeskommune ligg høgt når det gjeld samla kostnad per elev for vidaregåande opplæring i skule (inkl. landsliner):



Tidsserie for Økonomisk belastning 510-560 vidaregåande opplæring i skole per elev, konsern



I fylkeskommunen sitt målekart for opplæring for 2013 var det ein måleindikator at samla kostnad per elev ikkje skulle auke meir enn landsgjennomsnittet. For 2013 er ambisjonsnivået nådd.

Det er framleis eit stort forbettringspotensiale når det gjeld å sikre god kvalitet på KOSTRA-tala. Arbeidet med kvalitetssikring vil også framover vere eit prioritert område frå fylkesdirektøren si side.

2.1.2 Kjernenivå på tenesteområdet

Kjernenivået på tenesteområdet er knytt til fylkeskommunen si plikt etter opplæringslova til å gje tilbod om vidaregåande opplæring i skule til ungdom med rett. Plikta omfattar også spesialundervisning, pedagogisk-psykologisk teneste og oppfølgingstenesta og fylkeskommunen si plikt til å arbeide for høgast mogleg kvalitet i opplæringa. Kjernenivået inkluderer vidare fylkeskommunen si plikt til å sikre naudsynte funksjonar i samband med opplæringa innanfor rammene av sentralt avtaleverk. Fylkesdirektøren legg også til grunn at naudsynte administrative støttefunksjonar, naudsynte driftsmidlar og naudsynt byggvedlikehald inkludert reinhald, vaktmeistertenester, straum og driftsvedlikehald av skulebygg inngår i kjernenivået.

2.1.3 Framhald av dagens tenestenivå

«Framhald av dagens nivå» på tenesteområdet er knytt til:

- a. struktur og ressursnivå på lovpålagde tenester
- b. tenester som ikkje er lovpålagde

a. Struktur og ressursnivå på lovpålagde tenester

Opplæringslova stiller ikkje krav med omsyn til struktur på dei ulike delane av dei lovpålagde tenestene. Dette inneber at sjølv om tenester er lovpålagde er det opp til fylkeskommunen å ta avgjerd om kva struktur som er best eigna for å oppfylle lovkrava. I tillegg er det for ein del lovpålagde tenester opp til fylkeskommunane å bestemme på kva ressursnivå ein skal leggje tenestene for å oppfylle lovkrava.

Etter fylkesdirektøren si vurdering kan strukturelle tiltak eller redusert ressursnivå vurderast innanfor følgjande lovpålagde tenester:

Skule- og tilbodsstruktur:

Mogleg innsparing på kort sikt: 3,6 mill. kr (i tillegg kjem innsparing på 3,5 mill. kr på samferdsle sitt budsjett)

Mogleg innsparing på lang sikt: krev nærare utgreiing

Vedtaket i skulebruksplanen inneber ei innsparing på 37 mill. kr, medrekna kapitalutgifter og sal av eigedomar. Det er då teke ned grupper tilsvarande elevtalsutviklinga fram til skuleåret 2016-2017. I hovudsak kjem innsparinga av reduksjon i elev- og gruppetal.

I saksutgreiinga til skulebruksplanen er det konsekvensutgreidd ulike modellar for organisering. Spennet i innsparing mellom modellane er på 33 mill. kr. Denne innsparinga knyter seg til strukturelle tiltak. Innsparingane ut over dette, synleggjort i konsekvensutgreiinga, knyter seg til reduksjon i elev- og gruppetalet.

Etter fylkesdirektøren si vurdering kan Hordalandsavtalen avviklast med verknad frå skuleåret 2016-2017. Skulebruksplanen viser at avvikling av Hordalandsavtalen vil gje ei innsparing på kjøp av plassar i Hordaland fylkeskommune på om lag 3,5 mill. kr. I tillegg kjem innsparingspotensialet som følgje av redusert skyss med om lag 3,6 mill. kr (dette vert ei innsparing på samferdsle sitt budsjett). Denne innsparinga føreset at fylkeskommunen ikkje bestemmer seg for andre større endringar i skyssen. Samla innsparingspotensiale vert om lag 7,1 mill. kr. Konsekvensar av å avvikle avtalen vil vere at elevane frå Solund, Gulen og Aurland (Gudvangen) vil få tilbod ved eigne fylkeskommunale skular og at elevane må bu på hybel.

Dersom det skal vurderast strukturelle endringar ut over tiltaka i skulebruksplanen og avvikling av Hordalandsavtalen, vil innsparingspotensiale og konsekvensar av eventuelle endringar krevje

nærare utgreiing. Om dette er aktuelt meiner fylkesdirektøren eit vedtak bør fattast snarast råd, med tanke på å få på plass ein framtidsretta driftsorganisasjon.

Opplæringstilbodet for skuleåret 2014-2015 er vedteke i samsvar med tilbods- og skulestruktur i skulebruksplanen. Som konsekvens av dette er det i verksett/planlagt ein del bygningsmessige tiltak. Desse planlagde bygningsmessige tiltaka bør, så langt råd, leggjast på vent for å unngå unødige investeringar.

Dei økonomiske rammene for drift av dei vidaregåande skulane:

Mogleg innsparing på kort sikt: krev nærare utgreiing
Mogleg innsparing på lang sikt: krev nærare utgreiing

Fylkeskommunen har i arbeidet med vidaregåande opplæring lagt vekt på at dei økonomiske rammene til dei vidaregåande skulane skal gje grunnlag for ei stabil skuledrift og god kvalitet på den vidaregåande opplæringa. I samband med prioritering av aktivitetane i opplæringssektoren meiner fylkesdirektøren det bør gjerast ei nærare vurdering av konsekvensar av ein prosentvis reduksjon av driftsrammene for dei vidaregåande skulane på kort og lang sikt.

Bibliotekenesta:

Årleg budsjettløyving: 3,8 mill. kr.
Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 3,4 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: ingen
Mogleg innsparing på lang sikt: ingen

Etter lova har elevane rett på tilgang til eit skulebibliotek. Lova stiller ikkje krav om bibliotekar. Dei vidaregåande skulane har mellom 20 og 100 % ressurs til bibliotekar og løyvinga skal dekke lønsutgiftene. I samband med skulebruksplanen er det føresett ein reduksjon med 60 % ressurs. Dersom bibliotekarressursen blir redusert eller fell bort vil ein ikkje lenger kunne ha eit fungerande skulebibliotek.

Tilpassa opplæring:

Årleg budsjettløyving frå 2015: 63,8 mill. kr.
Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 3,4 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: ingen
Mogleg innsparing på lang sikt: ingen

Spesialundervisning og tilpassa opplæring er heimla i lova og ligg såleis innanfor kjernenivået. I høyringsutkastet til skulebruksplanen heiter det om tilpassa opplæring:

Elevtalsnedgangen vil truleg òg føre til ein tilsvarande reduksjon i behovet for tilpassa opplæring. Reduksjonen kan stipulerast til 3-5 mill. kr. i 2016 og 6-8 mill. kr. i 2020, med utgangspunkt i budsjettet for 2012. Den økonomiske ramma for tilpassa opplæring er allereie justert ned med om lag 3 mill. kr. som ein del av økonomiplan 2012-2015.

Det er knytt stor uvisse til behovet for tilpassa opplæring i åra framover. Løyvinga til tilpassa opplæring må difor sjåast på som ei anslagsløyving som ikkje kan styrast fullt ut.

Behovet for midlar til føremålet vil truleg ikkje påverkast av kva modell som vert lagt til grunn for framtidig organisering av vidaregåande opplæring. Samla sett er det fylkesrådmannen si vurdering at ein eventuell reduksjon i anslagsløyvinga til tilpassa opplæring ikkje bør føregripast som ein del av skulebruksplanen, men innarbeidast i den årlege rulleringa av budsjett og økonomiplan.»

Fylkesdirektøren legg til grunn denne vurderinga i det vidare arbeidet og ser på noverande tidspunkt ikkje grunnlag for å tilrå reduksjon av den økonomiske ramma ut over tiltaka som er innarbeidd i økonomiplanen.

Oppfølgingstenesta (OT):

*Årleg budsjettløyving frå 2015: 6,9 mill. kr.
 Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 6,9 mill. kr
 Mogleg innsparing på kort sikt: krev nærare utgreiing
 Mogleg innsparing på lang sikt: krev nærare utgreiing*

Opplæringslova §3-6 slår fast at fylkeskommunen skal ha ei oppfølgingsteneste for ungdom som har rett til opplæring etter opplæringslova §3-1, og som ikkje er opplæring eller arbeid. Tenesta gjeld til og med det året dei fyller 21 år. Ungdommen i målgruppa skal få tilbod om opplæring, arbeid, andre kompetansefremjande tiltak, eventuelt ein kombinasjon av desse. Tilboda skal primært ta sikte på å føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse innanfor vidaregåande opplæring.

Oppfølgingstenesta i fylket er fordelt på 10 Ot-koordinatorar lokalisert på vidaregåande skular, med ein samla stillingsressurs på 4,77stillinger. I tillegg kjem driftsmidlar.

I gjeldande handlingsprogram (2012-15) er det vedteke at fylkesdirektøren i løpet av 2014 og 2015 skal evaluere og revidere retningslinene for arbeidet i oppfølgingstenesta og utarbeide felles rutinar for arbeidet. I samband med dette arbeidet må det definerast kva som vil vere eit akseptabelt minimumstilbod som stettar krava i lov og forskrift og synleggjerast korleis ein best mogleg kan utnytte tilgjengelege ressursar for å nå målsetjingane i forskrifta. Fylkesdirektøren vil i arbeidet leggje til grunn at tenesta framleis skal vere god, og samtidig gje like tenester uavhengig av kor ungdommen bur i fylket. Korleis ein best mogeleg nyttar tilgjengeleg ressursar for å oppnå målsetjingane i forskrifta er del av arbeidet som ligg føre.

Pedagogisk-psykologisk teneste:

*Årleg budsjettløyving: 12,3 mill. kr.
 Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 12,3 mill. kr
 Mogleg innsparing på kort sikt: ingen
 Mogleg innsparing på lang sikt: ingen*

Fylkeskommunen skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste, jf. § 5-6 i opplæringslova. Tenesta skal syte for at det blir utarbeidd sakkunnige vurderingar som grunnlag for enkeltvedtak om spesialundervisning for barn og unge med særlege opplæringsbehov. Tenesta skal også hjelpe skulane i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling (systemretta arbeid), slik at opplæringa vert lagt best mogeleg til rette for alle. Lærlingar har og rett til tenester frå PPT.

Sogn og Fjordane fylkeskommune eig og driv PPT Sogndalsregionen og PPT Eid og Vågsøy. Desse kontora yter tenester til Sogndal vgs, (Luster vgs), Sogn jord- og hagebruksskule, Eid vgs, Måløy vgs og lærlingane i Sogn og Nordfjord. Til dei andre vidaregåande skulane, og lærlingane i Sunnfjord, kjøper fylkeskommunen tenester gjennom 4-årige samarbeidsavtalar med kommunane der skulane er lokaliserte.

Alle samarbeidsavtalane skal reviderast i løpet av 2014 og 2015. Fylkeskommunen vil i dei reviderte samarbeidsavtalane leggje følgjande føresetnader til grunn:

- Ressursbruk tilpassa faktisk elevtal på dei vidaregåande skulane og gjennomsnitt løpande lærekontraktar pr 1.8.2014, med tilpassingar til nedgangen i elevtalet i seinare revisjonar, jf. skulebruksplanen
- Eit normtal på 500 ungdomar (elevar og lærlingar) pr. fagstilling i tenesta

Fylkesdirektøren meiner den økonomiske ramma for tenesta må vidareførast på noverande nivå.

Administrative støttestrukturfunksjonar:

Årleg budsjettløyving: 20,0 mill. kr.
 Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 17,2 mill. kr
 Mogleg innsparing på kort sikt: krev nærare utgreiing
 Mogleg innsparing på lang sikt: krev nærare utgreiing

Løyvinga gjeld lønsutgifter til kontortilsette på skulane. I skulebruksplanen er det lagt til grunn at ressursen skal reduserast med 400 % stilling som følgje av endra skulestruktur og reduksjon i elevtal. Vurdering av om ressursen kan reduserast ut over tiltaka i skulebruksplanen og eventuelle konsekvensar av dette, vil krevje ytterlegare utgreiing.

Gratis læremiddel/PC-ordninga:

Årleg budsjettløyving: 11,8 mill. kr.
 Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 11,8 mill. kr
 Mogleg innsparing på kort sikt: ingen
 Mogleg innsparing på lang sikt: krev nærare utgreiing

Etter opplæringslova § 3-1 har fylkeskommunen ansvar for å halde elevane med nødvendige trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr. Som følgje av dette får dei vidaregåande skulane årleg tildelt midlar til gratis læremiddel ut frå fylkeskommunalt fastsette satsar per elev for å ivareta etablert utlånsordning. Fylkeskommunen nyttar årleg i underkant av 7 mill. kr til føremålet. Løyvingsnivået må tilpassast reduksjonen i elevtal i åra framover. Det kan vurderast om den økonomiske ramma kan reduserast ytterlegare for å oppnå økonomisk innsparing. Konsekvensen av slik reduksjon vil vere at skulane har mindre rom for å fornye trykte læremiddel.

Etter budsjettreglementet har fylkesrådmannen høve til å sjå løyvingane til gratis læremiddel og PC-ordninga i samanheng og å sjå desse løyvingane i driftsbudsjettet i samanheng med avsette midlar til PC-ordninga i investeringsbudsjettet. Rekneskapsresultatet i 2013 viser ei innsparing på løyvinga i driftsbudsjettet med om lag 2,0 mill. kr. Det er forventa innsparing på løyvinga også i 2014.

I HO-sak 3/14 *Finansiering av utvikling (kjøp) av nytt felles skuleadministrativt system* vert forventa mindreforbruk på løyvinga til gratis læremiddel i 2014 tilrådd overført til finansiering av utvikling (kjøp) av nytt skuleadministrativt system (SAS) med om lag 1,8 mill. kr. Omdisponeringa er innarbeidd i tertialrapport 1/14. I vedtaket i HO-sak 3/14 heiter det vidare m.a.: «For åra 2015-2017 må finansieringa innarbeidast i budsjett og økonomiplan.»

Kostnadene ved nytt SAS for Sogn og Fjordane er berekna til følgjande:

	2015	2016	2017
Investeringskostnader	2,386	2,189	1,089
Driftskostnader			1,011
Sum	2,386	2,189	2,100

Kostnaden ved lokalt mottaksapparat kjem i tillegg til estimert investeringskostnad. Det er enno for tidleg å kunne estimere kostnadane ved dei lokale mottaksprosjekta.

Fylkesdirektøren tilrår at finansiering av investering og eventuell auke i driftskostnader som følgje av nytt skuleadministrativt system (SAS) frå 2015 vert finansiert over eventuelle innsparte midlar på gratis læremiddel/PC-ordninga og den lånefinansierte utstyrløyvinga.

Byggvedlikehald inkludert reinhald, vaktmeistertenester og driftsvedlikehald av skulebygg:

Årleg budsjettløyving: 58,6 mill. kr.
Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 53,7 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: ingen
Mogleg innsparing på lang sikt: krev nærare utgreiing

Bygge- og eigedomstenesta leverer i dag tenestene knytt til eigarfunksjonen for bygg og eigedom. Hovudmålet er å sikre at eigedomsmassen ikkje vert forringa og at ein leverer tilfredsstillande og godkjende lokalitetar. Dette gjeld t.d. både med omsyn til fuktsikring, inneklima, tekniske sikringsanlegg (brann og nødlys) og i høve tilgjenge for alle / universell utforming.

Driftsnivået på desse tenestene ligg i dag på ein lågt nivå. Dei siste års prioriteringar på investeringssida gjer at ein har kunne halde utgiftene til drift og vedlikehald på dette låge nivået over ei tid. Dei fleste større nybyggprosjekta er no ute av garantifasen og ein ser no ein tendens der aukande tekniske krav er svært utfordrande med omsyn til vedlikehald/drift/service av relativt avanserte tekniske system. Utfordringa i høve driftsutgiftene vil såleis i næraste framtid være å søke så effektiv styring som mogleg slik at ein kan utnytte dei tekniske anlegga/systema for å halde vedtekne budsjettrammer.

Når det gjeld vaktmeistertenestene vart det gjort ein intern gjennomgang i jan/feb 2014 av den totale ressursbruken på dette området. FEF (Fylkeskommunalt eiendomsforum) sitt normtal for resursbruk på dette området er på 5000 m2 pr. driftsteknikar (100% stilling). Gjennomgangen viste at ein samla for den fylkeskommunale verksemda manglar 3,42 stillingar i høve dette nivået. Dette stadfestar intrykket av at resursbruken på dette området ikkje er for stor. I skulebruksplanen er det likevel føresett ein reduksjon av vaktmeisterressursen med 240 % stilling etter innføring av skulebruksplanen, som følgje av redusert areal.

I skulebruksplanen er det vidare føresett ein reduksjon av reinhaldsressursen med 780 % stilling frå skuleåret 2016-2017.

Berekningane av ressurs for vaktmeister og reinhald i dei ulike modellane i skulebruksplanen er gjort etter teoretiske modellar (FEF) med basis i areal og utdanningsprogram. Det må gjerast ein konkret gjennomgang av ressursbehovet på skulane for å vurdere kva som er rett nivå på tenestene.

Generelt kan dagens driftsnivå vurderast som eit minimumsnivå. Ei eventuell reduksjon av drift og vedlikehald vil på sikt medføre forfall, ad hoc tiltak og til slutt høgre investeringar. Det er god totaløkonomi i å ta vare på dei fylkeskommunale bygga og eigedomane med eit jamt godt vedlikehaldsnivå.

Tilskot til praksisopplæring i maritim og marin opplæring:

Årleg budsjettløyving: 1,5 mill. kr.
Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 1,5 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: ingen
Mogleg innsparing på lang sikt: ingen

Løyvinga er fylkeskommunen sitt tilskot til leige av opplæringsfartøy for læreplanfesta praksisopplæring for elevar i maritim og marin opplæring ved Måløy vidaregåande skule. FT-sak 45/12 *Praksisopplæring for elevar i maritim og marin opplæring i Sogn og Fjordane - alternative løysingar* syner at bruken av M/S Skulebas gir eit kvalitativt godt tilbod. Viktige stikkord i dette er stor fleksibilitet, høve til individuelt tilpassa opplæring og eit fartøy som er særskilt tilpassa opplæringsføremål. I samsvar med vedtak i FT-sak, vart tilskotet frå skuleåret 2013-2014 redusert frå 2,2 til 1,5 mill. kr. Det er lagt til grunn i saka 45/12 at Måløy vidaregåande skule, som faginstans, må vurdere korleis praksisopplæringa best kan løysast innan den økonomiske ramma skulen får tildelt. Dersom det ikkje er mogleg å tilpasse legekostnaden til det fylkeskommunale tilskotet må skulen vurdere om det er tenleg å vidareføre leigeavtalen med Opplæringsfartøy AS.

Skulen må sjølv finne inndekking av eventuell differanse mellom leigekostnaden og det fylkeskommunale tilskotet. Det er i FT-sak 45/12 ikkje sannsynleggjort at skulen vil kunne klare å gje tilbod i samsvar med læreplanen dersom tilskotet vert redusert ut over dagens nivå. Fylkesdirektøren si vurdering er at løyvinga må oppretthaldast på dagens nivå.

Jordbruksskulegard:

Årleg budsjettløyving: 3,0 mill. kr.
Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 3,0 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: 0,6 mill. kr
Mogleg innsparing på lang sikt: 0,6 mill. kr

Føremålet med jordbruksskulegarden er å gje læreplanfesta praktisopplæring for elevar i naturbruksopplæringa ved Mo og Jølster vidaregåande skule. Fylkeskommunen nyttar årleg 2,4 mill. kr for å dekke netto driftsutgifter for jordbruksskulegarden på Mo. Fylkestinget løyver i sitt budsjett ei ramme («ufordelt pott»), som fylkesdirektøren disponerer i samband med budsjett-tildeling til jordbruksskulegarden. Nettoløyvinga til jordbruksskulegarden vart i løpet av nokre år redusert, m.a. som følgje av at det i budsjettet vart føresett auke i inntektene for garden. Inntektsføresetnadene for drifta av skulegarden kan variere frå år til år. Som følgje av dette er ikkje den ufordelte potten redusert tilsvarande. Erfaring viser at det budsjetterte inntektsnivået er på eit realistisk nivå og fylkesdirektøren meiner difor den ufordelte potten til føremålet frå 2015 kan reduserast med 0,6 mill. kr. Slik reduksjon har ikkje konsekvensar for tildelinga til jordbruksskulegarden.

Dersom løyvingsnivået vert redusert i høve nivået på 2,4 mill. kr årleg, vil skulen ikkje kunne gje eit kvalitativt godt nok tilbod i samsvar med læreplanen.

b. Tenester som ikkje er lovpålagde

Leiing, ut over avtalefesta nivå:

Årleg budsjettløyving: 2,5 mill. kr.
Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 2,2 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: ingen
Mogleg innsparing (ut over skulebruksplanen) på lang sikt: 2,2 mill. kr

Leiingsressursen ved skulane vart frå 2007 styrka som følgje av auka krav til leiarrolla ved dei vidaregåande skulane. Styrkinga vart fast fordelt på skulane etter tal undervisningsstillingar. I skulebruksplanen er det lagt til grunn ein reduksjon med i overkant av 40 % stillingsressurs. Reduksjon av leiingsressursen ut over dette vil medføre redusert stillingsstorleik på leiarstillingar og større press på tilsette leiarar noko som og vil gje negative konsekvensar for kvaliteten på opplæringa.

Rådgjeving, ut over avtalefesta nivå:

Årleg budsjettløyving: 1,0 mill. kr.
Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 0,8 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: 0,8 mill. kr
Mogleg innsparing (ut over skulebruksplanen) på lang sikt: 0,8 mill. kr

Rådgjevingstenesta ved dei vidaregåande skulane vart styrka frå skuleåret 2007-2008, som følgje av øymerka styrking til rådgjeving særskilt retta mot ungdomssteget i rammetilskotet. Det statlege tilskotet er etter dette innarbeidd i rammetilskotet utan øymerking. I skulebruksplanen er det lagt til grunn at ressursen skal reduserast med om lag 25 % stillingsressurs.

God-betre-best! legg til grunn at elevar og læringar med svake faglege resultat og låg motivasjon er særleg utsette for å ikkje fullføre opplæringa og at god og relevant yrkes- og karriererettleiing er ein vesentleg føresetnad for at den einskilde elev tek reflekterte og medvitne avgjersler i høve

val av utdanning og yrke. Reduksjon av rådgjevingressursen ut over det som er føresett i skulebruksplanen, vil medføre redusert tid til rådgjeving tilsvarande om lag 125 % stilling.

E-pedagog:

*Årleg budsjettløyving: 1,2 mill. kr.
 Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 1,1 mill. kr
 Mogleg innsparing på kort sikt: 1,1 mill. kr
 Mogleg innsparing på lang sikt (ut over skulebruksplanen): 1,1 mill. kr*

Fylkeskommunen har om lag 170 % stilling for e-pedagog fordelt på dei vidaregåande skulane. I skulebruksplanen er det lagt til grunn at ressursen skal reduserast med om lag 20 % stilling.

E-pedagogen driv pedagogisk utviklingsarbeid, er superbrukar og legg tilrette for den digitale satsinga på skulane.

Bortfall av ressursen kan resultere i lågare kvalitet på opplæringa og at det blir vanskelegare å nå krava i læreplanen om digital kompetanse (ein grunnleggande dugleik).

Systemansvarleg IKT:

*Årleg budsjettløyving: 8,5 mill. kr.
 Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 7,1 mill. kr
 Mogleg innsparing på kort sikt: krev nærare utgreiing
 Mogleg innsparing på lang sikt (ut over skulebruksplanen): krev nærare utgreiing*

Fylkeskommunen har om lag 1250 % stilling for systemansvarleg IKT fordelt på dei vidaregåande skulane.

IKT-ansvarleg er teknisk kontaktperson og bindeledd mellom ikt-tenesta og skulen, og er 1. linje IKT-støtte for dei tilsette.

For å kunne drive skulane må dei fleste av oppgåvene til IKT-ansvarlege bli løyst. Det kan utgreiast om ein ved organisatoriske endringar kan redusere ressursen noko.

Miljøkoordinator:

*Årleg budsjettløyving: 4,9 mill. kr.
 Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 4,3 mill. kr
 Mogleg innsparing på kort sikt: ingen
 Mogleg innsparing på lang sikt (ut over skulebruksplanen): 4,3 mill. kr*

Fylkeskommunen brukar i dag ressursar til tenesta på dei vidaregåande skulane tilsvarande 700 % stillingsressurs. I tillegg kjem driftsmidlar. I skulebruksplanen er det lagt til grunn at ressursen skal reduserast med 100 % stilling. Behovet for synlege vaksne i elevmiljøet er likevel stort og aukande. Barn og unge tek i liten grad kontakt med hjelpeapparatet sjølv, noko som tilseier at skulen sitt ansvar for å sjå, førebygge og hjelpe blir svært viktig. Mellom anna veit ein at psykiske vanskar er ein stor og aukande årsak til det store fråfallet i vidaregåande opplæring. Sogn og Fjordane har i dag gjennomføring over landssnittet. Ein konsekvens av å kutte i ressursane til sosialpedagogiske oppgåver kan vere at fleire elevar ikkje får rett hjelp i rett tid, og avbryt opplæringa. Tenesta er særleg viktig for elevar som bur på hybel. Dersom det vert vedteke strukturelle endringar som medfører at fleire elevar må bu på hybel, vil konsekvensane av å ta bort tiltaket verte ytterlegare forsterka.

Arbeidslivskontakt:

*Årleg budsjettløyving: 4,4 mill. kr.
 Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 3,9 mill. kr
 Mogleg innsparing på kort sikt: 3,9 mill. kr
 Mogleg innsparing (ut over tiltaka i skulebruksplanen) på lang sikt 3,9 mill. kr*

Fylkeskommunen brukar i dag ressursar til tenesta på dei vidaregåande skulane tilsvarande 650 % stillingsressurs. I skulebruksplanen er det lagt til grunn at ressursen skal reduserast med 100 % stilling.

Arbeidslivskontaktane sine arbeidsoppgåver var i utgangspunktet tenkt som ein ressurs for å styrke samarbeidet skule og næringsliv, og ein ressurs som skulle generere aktivitet m.a. i høve skulane si rolle som regional utviklingsaktør. Ved innføringa av Kunnskapsløftet og det nye faget prosjekt til fordjuping, har arbeidslivskontaktane arbeidd mykje å skaffe praksisplassar til dette faget, ofte gjennom partnerskapsavtalar med bedrifter og kommunar. Godt samarbeid skule –arbeidsliv om PTF er ein viktig føresetnad for elevane sine val til vg2 og vg3 i yrkesfag og såleis framtidig yrkesval.

Ved å ta bort denne ressursen vil det truleg utfordre samarbeidet med arbeids- og næringsliv.

Omstillingstiltak for pedagogisk personale/seniortiltak:

*Årleg budsjettløyving: mellombels løyvningsnivå i samband med omstillingsarbeidet som følgje av skulebruksplanen.
 Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 5,8 mill. kr
 Mogleg innsparing på kort sikt: ingen
 Mogleg innsparing på lang sikt: krev nærare utgreiing*

Løyvinga til omstillingsmidlar er monaleg auka i perioden 2014-2016 som følgje av omstillingsarbeidet knytt til skulebruksplanen. Det er stor uvisse knytt til behovet for omstillingsmidlar i perioden.

Føremålet med løyvinga er å kunne føre ein ansvarleg arbeidsgjevarpolitikk og slik sikre høg og rett kompetanse og høg kvalitet på opplæringa.

Reduksjon av løyvinga vil medføre ein strammare arbeidsgjevarpolitikk, noko som kan gje negative verknader for kvaliteten på opplæringa.

Rekruttering og kompetanseutvikling pedagogisk personale:

*Årleg budsjettløyving: 3,1 mill. kr.
 Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 3,1 mill. kr
 Mogleg innsparing på kort sikt: ingen
 Mogleg innsparing på lang sikt: 3,1 mill. kr*

Fylkeskommunen vil truleg ha eit stort rekrutteringsbehov dei neste 10 åra, som følgje av alderssamansettinga til dei tilsette og spesifikke krav til kompetanse. For å sikre høg formell kompetanse og høg kvalitet på opplæringa må det setjast i verk både rekrutterings- og stabiliseringstiltak

Løyvinga vert nytta til vidareutdanning innan prioriterte fagområde. Kompetanseutviklingstiltaka er nasjonalt initierte og krev, for nokre fagområde, delfinansiering frå fylkeskommunen.

Det er fylkesdirektøren si vurdering at løyvinga til kompetanseutvikling er på eit minimumsnivå.

Bortfall av løyvinga kan resultere i lågare kvalitet på opplæringa og gjere det vanskelegare å oppfylle plikta fylkeskommunen har etter opplæringslova om å ha riktig og naudsynt kompetanse i verksemda (§ 10-8).

Digital satsing – kompetanseutvikling:

Årleg budsjettløyving: 1,0 mill. kr.
Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 1,0 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: 1,0 mill. kr
Mogleg innsparing på lang sikt (ut over skulebruksplanen): 1,0 mill. kr

Dersom løyvinga fell bort kan dette resultere i lågare kvalitet på opplæringa og at det blir vanskelegare å nå krava i læreplanen om digital kompetanse (ein grunnleggande dugleik).

Oppfølging av kostnadskrevjande tiltak i vedteke handlingsprogram:

Årleg budsjettløyving: 0,8 mill. kr.
Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 0,8 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: 0,8 mill. kr
Mogleg innsparing på lang sikt (ut over skulebruksplanen): 0,8 mill. kr

Løyvinga gjeld oppfølging av tiltak for å fremje kvalitet i den vidaregåande opplæringa. Reduksjon av løyvinga vil medføre at dei kostnadskrevjande tiltaka i handlingsprogrammet ikkje kan gjennomførast som planlagt og ein vil truleg ikkje nå måla i mål- og strategidokumentet *God-betre-best!*

Folkehelsearbeid ved skulane:

Årleg budsjettløyving: 0,2 mill. kr.
Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 0,2 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: 0,2
Mogleg innsparing på lang sikt (ut over skulebruksplanen): 0,2 mill. kr

Fylkeskommunen fordeler 0,15 mill. kr av løyvinga på dei vidaregåande skulane, som bidrag til å skape gode og trygge miljø, og få til ei heilskapleg folkehelsesatsing. Dei resterande midlane vert nytta til samlingar og kompetansebyggjande kurs for miljøkoordinatorar og kantinetilsette på skulane.

Analyse av elev- og lærlingundersøking:

Årleg budsjettløyving: 0,2-0,3 mill. kr.
Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 0,2-0,3 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: 0,2-0,3 mill. kr
Mogleg innsparing på lang sikt: 0,2-0,3 mill. kr

Løyvinga skal nyttast til analyse av elev- og lærlingundersøkingar og medarbeidar- og brukarundersøkingar, som del av fylkeskommunen sitt kvalitetssystem. Dersom løyvinga vert teke bort vil det i mindre grad vere rom for slikt analysearbeid.

Læringsamlingar:

Årleg budsjettløyving: 0,05 mill. kr.
Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 0,05 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: 0,05 mill. kr
Mogleg innsparing på lang sikt: 0,05 mill. kr

Årlege regionale læringsamlingar er eit tilbod til førsteårs-læringar. Samlingane har både eit fagleg og eit sosialpedagogisk innhald og set m.a. fokus på rettar og plikter som lærling. Tiltaket skal bidra til å sikre kvaliteten på opplæring i bedrift.

Lærarressurs som del av open skule:

Årleg budsjettløyving: 0,7 mill. kr.
Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 0,7 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: 0,7 mill. kr
Mogleg innsparing på lang sikt: 0,7 mill. kr

Løyvinga skal finansiere lærarressurs til leksehjelp på ettermiddag og kveldstid, som del av open skule for elevar og læringar. Erfaring viser at tiltaket bidreg til å nå målsettinga om auka gjennomføring.

Fagnettverk:

Årleg budsjettløyving: 0,4 mill. kr.
Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 0,4 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: 0,4 mill. kr
Mogleg innsparing på lang sikt: 0,4 mill. kr

Det er oppretta fagnettverk både for fellesfag, programfag i studieførebuande utdanningsprogram og dei yrkesfaglege programområda.

Føremålet med fagnettverka er m.a. kompetanseheving og eins praksis på ulike område. For dei yrkesfaglege nettverka er tettare samarbeid mellom dei vidaregåande skulane, opplæringskontora og arbeidslivet sentralt.

Ansvaret for nettverka er fordelt på dei vidaregåande skulane og opplæringskontora, og ingen får kompensasjon for å delta i nettverksarbeidet. Midlane vert nytta til ei årleg samling for kvart nettverk, der ein gjerne hentar inn ekstern fagleg kompetanse. Nettverksarbeidet er viktig for kvaliteten på opplæringa, men nivået på løyvinga kan truleg reduserast.

Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle idrettsutøvarar

Årleg budsjettløyving: 0,8 mill. kr (er finansiert ut skuleåret 2016-2017)
Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 0,8 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: ingen
Mogleg innsparing på lang sikt: ingen

Tilbodet vart starta opp hausten 2012 og gjeld potensielle toppidrettsutøvarar i idrettane skiskyting (Stryn vidaregåande skule), fotball (Sogndal vidaregåande skule) og volleyball (Hafstad vidaregåande skule). Det er lagt til rette for inntil 5 elevar pr årstrinn i kvar idrett, samla 15 elevar pr. skule. Sogn og Fjordane idrettskrets gjer dei idrettsfaglege vurderingane og prioriterer for inntak. Prioriterte søkjarar har til no fått reservert plass.

Det er vedteke at ordninga skal evaluerast i forkant av utlysing av opplæringstilbodet for 2015-2016. Evalueringa er planlagt lagt fram for hovudutval for opplæring i september 2014. Ordninga skal evaluerast ut frå fleire kriteria: søking til tilboda, reduksjon i tal søkjarar til toppidrettstilbod utanfor fylke og sportslege resultat. Konsekvensane ved å leggje ned tilbodet må vurderast i samband med evalueringa.

Ordninga er finansiert fram til våren 2017. Dersom tiltaket skal vidareførast må det løyvast midlar til ordninga frå hausten 2017.

Innføringsgrupper for minoritetsspråklege:

*Årleg budsjettløyving: 3,1 mill. kr.
 Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 3,1 mill. kr
 Mogleg innsparing på kort sikt: 2,7 mill. kr
 Mogleg innsparing på lang sikt: 3,1 mill. kr*

Løyvinga finansierer tre innføringsgrupper lokalisert til dei vidaregåande skulane i tillegg til ei gruppe i samarbeid med ein kommune.

Innføringsgruppene er ein inngang til vidaregåande opplæring for målgruppa. Gjennom språk- og samfunnsopplæring har elevane i gruppene fått ny kunnskap som har gjort dei i stand til i større grad å delta aktivt i opplæringa. Dersom innføringsgruppene vert avvikla vil konsekvensane bli store for denne gruppa;

- Fleire vil starte i vg1 med så dårlig språkkunnskap at dei ikkje vil kunne fullføre vidaregåande opplæring. Fråfallet vil auke.
- Fleire må ta vg1 over to år, med auka kostnader for skulane
- Fleire vil ha rett til særskilt språkopplæring etter opplæringslova.

Sommarskule:

*Årleg budsjettløyving: 0,2 mill. kr.
 Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 0,2 mill. kr
 Mogleg innsparing på kort sikt: 0,2 mill. kr
 Mogleg innsparing på lang sikt: 0,2 mill. kr*

Løyvinga skal nyttast til å finansiere tiltak for auka gjennomføring ved å leggje til rette for at søkjarar med manglande karaktergrunnlag kan bestå. Ny inntaksforskrift skjerpar kravet til å bestå lågare nivå for å kunne flyttast til neste nivå i vidaregåande opplæring. Dette inneber at kravet til kvalifisering for søkjarar til bedrift også vil verta praktisert strengare. M.a. kan det bli fleire som vil nytte seg av tilbodet om sommarskule i matematikk og naturfag. Fylkesdirektøren ser at det også kan bli aktuelt å setje i gong eigne kvalifiseringstilbod for søkjarar med manglande karaktergrunnlag i fellesfag og/eller programfag.

Dersom løyvinga vert teke bort vil dette ha negativ effekt for målsettinga om auka gjennomføring.

Midlar til pedagogisk utviklingsarbeid:

*Årleg budsjettløyving: 0,5 mill. kr.
 Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 0,5 mill. kr
 Mogleg innsparing på kort sikt: 0,5 mill. kr
 Mogleg innsparing på lang sikt: 0,5 mill. kr*

Løyvinga skal gå til å finansiere særskilt pedagogisk utviklingsarbeid i sektoren. For åra 2013 og 2014 vart løyvinga teke bort for å finansiere satsingar og salderingsutfordring i opplæringssektoren.

Dersom løyvinga vert teke bort eller redusert vil dette medføre mindre rom for pedagogisk utviklingsarbeid i sektoren.

2.2 «PAKKE»/TENESTEOMRÅDE 2: VIDAREGÅANDE OPPLÆRING I BEDRIFT

2.2.1 Løyvingsnivå i budsjett og økonomiplan

Samla løyvingsnivå i perioden (i mill. kr):


2014	2015	2016	2017	2018
75,9	90,3	90,3	90,3	90,3

I 2014 er det prognostisert eit meirforbruk på tilskot til lærebedrifter på 14,5 mill. kr. Auken i løyvinga frå 2014 til 2015 i tabellen over skuldast styrking av løyvinga til tilskot til lærebedrifter tilsvarande prognosen for 2014. Det er innarbeidd i tala at 4,2 mill. kr av styrkinga vert finansiert ved omdisponering frå løyvinga til opplæringstilbodet. I tertialrapport 1/14 tilrår fylkesrådmannen at tilskot til lærebedrifter vert styrka med 11,9 mill. kr i 2014. 1,9 mill. kr av dette er føresett finansiert ved omdisponering frå løyvinga til opplæringstilbodet. Det er føresett at hovudutvalet for opplæring må arbeide vidare for å finne dekning for dei resterande 2,6 mill. kr.

KOSTRA-tala for 2013 viser at Sogn og Fjordane fylkeskommune ligg over landsgjennomsnittet når det gjeld kostnad per lærling/lærekandidat for vidaregåande opplæring i bedrift:



Tidsserie for Korr bto driftsutg 570 fagopplæring i arbeidslivet inkl kjøp fra private, per lærling/lærekandidat, konsern



Tala viser ein reduksjon i kostnad per lærling/lærekandidat frå 2012 til 2013. Dette har samanheng med auke i tal lærlingar/lærekandidatar og effekten av at t.d. kostnaden ved administrasjon vert delt på fleire.

Det er framleis eit stort forbetningspotensiale når det gjeld å sikre god kvalitet på KOSTRA-tala. Arbeidet med kvalitetssikring vil også framover vere eit prioritert område frå fylkesdirektøren si side.

2.2.2 Kjernenivå på tenesteområdet

Når ei bedrift teiknar lærekontrakt/opplæringskontrakt med ein lærling/lærekandidat pliktar fylkeskommunen å betale tilskot for den delen av opplæringa som føregår i bedrifta. Satsane for tilskot vert fastsette av departementet.

Hovudmodellen for opplæring fram til fag-/sveinebrev er 2 år i skule og 2 år i bedrift. Dersom søkjarar til læreplass ikkje får tilbod om læreplass, pliktar fylkeskommunen å gje tilbod om alternativ opplæring som Vg3 i skule.

Plikta til å betale tilskot gjeld for alle lærlingar uavhengig av ungdomsrett, vaksenrett eller fullføringsrett. Lærlingar som har fylt 21 år, eller som ikkje har ungdomsretten utløyser eit lågare tilskot enn dei med ungdomsrett (basis II).

Alternativ opplæring i vg3 skule kostar om lag det same som lærlingtilskotet på elev.

Det er ei nasjonal målsetjing at fleire ungdommar skal velje fag- og yrkesopplæring og at ein skal auke gjennomføringa i yrkesfaga. Om ein lukkast med denne målsetjinga vil ein truleg få auke i utbetalingane av lærlingtilskot.

Opplæringslova slår fast at alle fylke skal ha ei fagopplæringsnemnd, som skal uttale seg i alle saker som vedkjem fag- og yrkesopplæring.

2.2.3 Framhald av dagens tenestenivå

«Framhald av dagens nivå» på tenesteområdet er knytt til struktur og ressursnivå på lovpålagde tenester:

Stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa:

Årleg budsjettløyving: 3,0 mill. kr.
Mogleg innsparing på kort sikt: 3,0 mill. kr
Mogleg innsparing på lang sikt: 3,0 mill. kr

Midlane til stimuleringstiltak vert nytta til å skaffe fleire læreplassar, betre formidling av lærlingar, auke gjennomføringa i fagopplæringa og å betre kvaliteten særleg i høve lærlingar med svakt søkjargrunnlag og tilretteleggingsbehov. Reduksjon av stimuleringstiltaka vil få negative konsekvensar for gjennomføring og kvaliteten på opplæringa.

Andre- og tredjegyngs fagbrev og lærekontraktar til dei som ikkje har ungdomsrett:

Det er sentralt til vurdering korleis ein skal tolke lovkravet om tilskot til andre- og tredjegyngs fagbrev og lærlingar utan rett til opplæring. Om det vert endringar kjem fylkesdirektøren attende til dette.

Instruktøropplæring

Årleg budsjettløyving: 0,6 mill. kr.
Mogleg innsparing på kort sikt: 0,6
Mogleg innsparing på lang sikt: 0,6

Føremålet med løyvinga er å gje naudsynt opplæring til instruktørar for opplæring i bedrift for slik å bidra til å sikre kvaliteten på opplæringa. Godt kvalifiserte instruktørar er viktig for kvaliteten på opplæringa i bedrift, og ein reduksjon i løyvinga vil gå ut over kvaliteten.

2.3 «PAKKE»/TENESTEOMRÅDE 3: VAKSENOPPLÆRING

2.3.1 Løyvingsnivå i budsjett og økonomiplan

Samla løyvingsnivå i perioden (i mill. kr):

2014	2015	2016	2017	2018
4,5	3,5	3,5	3,5	3,5

2.3.2 Kjernenivå på tenesteområdet

Kjernenivået på tenesteområdet er knytt til fylkeskommunen si plikt etter opplæringslova til å gje tilbod om vidaregåande opplæring til vaksne med rett. Vaksenretten utløyser rett til opplæring fram til ønska sluttkompetanse, og krav om eit opplæringstilbod innan rimeleg tid.

2.3.3 Framhald av dagens tenestenivå

«Framhald av dagens nivå» på tenesteområdet er knytt til:

- struktur og ressursnivå på lovpålagde tenester
- tenester som ikkje er lovpålagde

a. Struktur og ressursnivå på lovpålagde tenester

Opplæringstilbod for vaksne

Årleg budsjettløyving: 3,5 mill. kr.
Mogleg innsparing på kort sikt: ingen
Mogleg innsparing på lang sikt: ingen

Nivået på løyvinga til vaksenopplæring er etter fylkesdirektøren si vurdering får lågt. Etter omdisponering i sektoren vart løyvinga for 2014 auka frå 3,5 til 4,5 mill. kr. For å få eit akseptabelt omfang av vaksenopplæringstilbodet, meiner fylkesdirektøren at løyvingsnivået i 2014 burde vore vidareført. Fylkesdirektøren har så langt ikkje funne rom for å finansiere ei varig styrking av tenesta.

Ein ser særleg ei utfordring når det gjeld framandspråklege søkjarar med vaksenrett. Dei treng meir omfattande opplæringstilbod m.a. på grunn av for dårlege norskkunnskapar.

b. Tenester som ikkje er lovpålagde

Tilskot vaksenopplæringsforbundet (VOFO)

Årleg budsjettløyving: 0,2 mill. kr.
Mogleg innsparing på kort sikt: 0,2
Mogleg innsparing på lang sikt: 0,2

Fylkeskommunen yter årleg ei tilskot på 0,2 mill. kr i driftstilskot til vaksenopplæringsforbundet. Reduksjon eller bortfall av tilskotet vil gje negative konsekvensar og skape usikre vilkår for vidare drift av VOFO Sogn og Fjordane.

2.4 «PAKKE»/TENESTEOMRÅDE 4: LANDSLINER

2.4.1 Løyvingsnivå i budsjett og økonomiplan

Samla løyvingsnivå i perioden (i mill. kr):

2014	2015	2016	2017	2018
3,7	3,7	3,7	3,7	3,7

2.4.2 Kjernenivå på tenesteområdet

Fylkeskommunen har ikkje plikt etter lova til å ha landslinetilbod. Tilbodet ligg difor utanom kjernenivået.

2.4.3 Framhald av dagens tenestenivå

«Framhald av dagens nivå» på tenesteområdet er knytt til tenester som ikkje er lovpålagde:

Drift av landslinetilboda inkl. driftsvedlikehald av skulebygg

Årleg budsjettløyving: 4,4 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: ingen
Mogleg innsparing på lang sikt: 4,4

Sogn jord- og hagebruksskule – landslinetilbod i økologisk landbruk

Viser her til FT-sak 14/14 Investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule m/prenta vedlegg som skal handsamast 11.06.14.

Sogndal vidaregåande skule – landslinetilbod yrkessjåfør

Fylkeskommunen nyttar årleg om lag 1,5 mill. kr av egne midlar til drifta av landslinetilbodet.

Næringslivet i Sogn og Fjordane har signalisert store utfordringar med rekruttering og mangel på arbeidskraft innan yrkessjåførfaget. Konsekvensen av å ta bort landslinetilbodet kan bli svært alvorlege for ei stor og viktig næring i fylket.

2.5 «PAKKE»/TENESTEOMRÅDE 5: FAGSKULEUTDANNING

2.5.1 Løyvingsnivå i budsjett og økonomiplan

Samla løyvingsnivå i perioden (i mill. kr):

2014	2015	2016	2017	2018
22,3	22,3	22,3	22,3	22,3

2.5.2 Kjernenivå på tenesteområdet

Kjernenivået på tenesteområdet er knytt til fylkeskommunen si plikt etter fagskulelova til å «sørge for at det tilbys godkjent fagskuleutdanning som tar hensyn til lokalt, regional og nasjonalt kompetansebehov innanfor prioriterte samfunnsområder.». Fylkesdirektøren definerer kjernenivået til å omfatte fagskuleutdanning innanfor rammene av den statlege løyvinga på om lag 10,0 mill. kr.

2.5.3 Framhald av dagens tenestenivå

«Framhald av dagens nivå» på tenesteområdet er knytt til tenester som ikkje er lovpålagde:

Fagskuleutdanning, ut over statleg tilskot

Årleg budsjettløyving: 12,3 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: ingen
Mogleg innsparing på lang sikt: 12,3

Viser til FT—sak 13/14 *Fagskulen i Sogn og Fjordane - avklaring av ansvar og mynde, økonomiske rammer og bygningsmessige tilhøve* som skal handsamast 11.06.14..

Dersom den økonomiske ramma for opplæringssektoren vert betydeleg redusert, meiner fylkesdirektøren at det må vurderast å redusere drifta for fagskuleutdanning ned mot nivået for den statlege løyvinga.

Tilpassing av fagskuledrifta til eit slikt nivå vil krevje store endringar i organisering og tilbod.

2.6 «PAKKE»/TENESTEOMRÅDE 6: ANDRE FØREMÅL

2.6.1 Løyvingsnivå i budsjett og økonomiplan

Samla løyvingsnivå i perioden (i mill. kr):

2014	2015	2016	2017	2018
8,0	8,1	8,1	8,1	8,1

2.6.2 Kjernenivå på tenesteområdet

Kjernenivået på tenesteområdet er knytt til fylkeskommunen si plikt etter opplæringslova til å gje opplæring i sosiale og medisinske institusjonar og avvikling av eksamen for privatistar.

2.6.3 Framhald av dagens tenestenivå

«Framhald av dagens nivå» på tenesteområdet er knytt til tenester som ikkje er lovpålagde:

Karriererettleiing

Årleg budsjettløyving: 1,1 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: ingen
Mogleg innsparing på lang sikt: 1,1

Det er ikkje lovfesta rett til karriererettleiing. Frå sentrale styresmakter er det sterke insitamant til å opprette Karrieresenter i alle fylke. Sogn og Fjordane har inngått partnerskapsavtale med NAV, og i HAFS og Nordfjord også kommunane, om å opprette karrieresenter. Partnerskapsavtalen gjeld fram til 31.12.15. For å få til ein desentral modell med 4 karrieresenter, har ein samordna ressursar til karriererettleiing og vaksenopplæring. Ei viktig brukargruppe av karrieresentra er vaksne som ønskjer vidaregåande opplæring, og ei samordning av ressursane gjev gode synergieffektar.

Alle fylke som har oppretta karrieresenter som fyller statlege fastsette kriterier, har fram til no fått årlege løyvingar gjennom statsbudsjettet. For Sogn og Fjordane utgjer dette 1,5 mill. kr årleg.

Ved å ta bort tilbodet om karriererettleiing vil innbyggjarane i Sogn og Fjordane få eit dårlegare tenestetilbod enn resten av landet, og ein misser det statlege tilskotet.

Tilskot til elevorganisasjonar

Årleg budsjettløyving: 0,04 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: 0,04
Mogleg innsparing på lang sikt: 0,04

Fylkeskommunen set årleg av 0,04 mill. kr til tilskot til drift av elevorganisasjonar. I 2013 vart det tildelt 0,02 mill. kr til føremålet.

3. PRIORITERING

Gjennomgangen i kapittel 2 kan oppsummerast slik:

Føresetnader:

For dei lovpålagde tenestene utanom kjernenivået har fylkesdirektøren vurdert struktur og ressursnivå.

For dei ikkje lovpålagde tenestene er det ikkje vurdert struktur og nivå på tenestene, men lagt til grunn at det er mogleg å ta bort tenestene i sin heilskap utan å bryte lova. Fylkesdirektøren har for desse områda ikkje drøfta eventuell konsekvensane av delvise reduksjonar opp i mot å ta bort heile tenester.

For alle tenestene utanom kjernenivået er det ein kort omtale av føremål, mogleg innsparingspotensiale på kort (2015 og 2016) og lang sikt og kort omtale av konsekvensar av eventuell reduksjon i dei økonomiske rammene/eventuelt bortfall av tenestene.

Innsparinga som følgje av skulebruksplanen er innarbeidd i gjeldande budsjett og økonomiplan. I vurderinga av innsparingspotensialet i sektoren tek fylkesdirektøren difor utgangspunkt i dei løyvingnivået etter gjennomføring av skulebruksplanen. Mogleg innsparingspotensiale er såleis knytt til reduksjonstiltak ut over tiltaka som ligg i vedteken skulebruksplan. Generelt vil det vere svært uheldig å spare inn personalressursar i løpet av skuleåret 2014-2015. Nokre av dei kortsiktige innsparingane vil difor først gje full effekt frå 2016.

Kjernenivå:

Kjernenivået omfattar minimumsnivå på lovpålagde oppgåver innanfor alle «pakkar»/tenesteområde.

Fylkesdirektøren har lagt til grunn at minimumsnivået kan definerast som differansen mellom totalloyvinga på dei ulike tenesteområda og løyvingane som ligg utanfor kjernenivået.

Fylkesdirektøren si vurdering er at det ikkje let seg gjere å konkretisere dette nivået meir no.

Lovpålagde tenester som blir vurderte til ikkje å ha innsparingspotensiale:

Teneste
Tilpassa opplæring
Pedagogisk-psykologisk teneste
Tilskot til praksisopplæring i maritim og marin opplæring
Bibliotektenesta

Lovpålagde tenester som blir vurderte til å ha innsparingspotensiale:

Teneste	Innsparing i mill. kr			
	Kort sikt		Lang sikt	
	2015	2016	2017	2018
Skule- og tilbudsstruktur, Hordalandsavtalen		1,6	3,6	3,6
Jordbruksskulegard (ufordelt løyving)	0,6	0,6	0,6	0,6
Sum mogleg innsparing	0,6	2,2	4,2	4,2

Lovpålagde tenester der mogleg innsparingspotensiale og konsekvensar av reduksjon i løyvingane krev nærare utgreiing:

Teneste	Mogleg innsparing	
	Kort sikt	Lang sikt
Skule- og tilbodsstruktur		X
Dei økonomiske rammene for drift av dei vidaregåande skulane	X	X
Oppfølgingstenesta		X
Administrative støttefunksjonar		X
Gratis læremiddel/PC-ordninga		X
Byggvedlikehald inkludert reinhald, vaktmeistertenester og driftsvedlikehald av skulebygg		X
Omstillingstiltak for pedagogisk personale		X
Systemansvarleg IKT	X	X

Ikkje lovpålagde tenester:

Teneste	Innsparing i mill. kr			
	Kort sikt		Lang sikt	
	2015	2016	2017	2018
Leiing, ut over avtalefesta nivå			1,0	2,2
Rådgjeving, ut over avtalefesta nivå	0,4	0,8		0,8
E-pedagog	0,5	1,1	1,1	1,1
Miljøkoordinator	2,0	4,3	4,3	4,3
Arbeidslivskontakt	1,8	3,9	3,9	3,9
Rekruttering og kompetanseutvikling pedagogisk personale			3,1	3,1
Digital satsing - kompetanseutvikling	1,0	1,0	1,0	1,0
Oppfølging av kostnadskrevjande tiltak i vedteke handlingsprogram	0,8	0,8	0,8	0,8
Folkehelsearbeid ved skulane	0,2	0,2	0,2	0,2
Analyse av elev- og lærlingundersøking	0,3	0,2	0,3	0,2
Læringsamlingar	0,05	0,05	0,05	0,05
Lærarressurs, som del av open skule	0,3	0,7	0,7	0,7
Fagnettverk	0,4	0,4	0,4	0,4
Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle idrettsutøvarar				
Innføringsgrupper for minoritetsspråklege	1,2	2,9	3,1	3,1
Sommarskule	0,2	0,2	0,2	0,2
Midlar til pedagogisk utviklingsarbeid	0,5	0,5	0,5	0,5
Stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa	3,0	3,0	3,0	3,0
Instruktøropplæring	0,6	0,6	0,6	0,6
Tilskot til vaksenopplæringsforbundet (VOFO)	0,2	0,2	0,2	0,2
Drift av landslinene, inkl byggvedlikehald			2,0	4,4
Fagskuleutdanning, ut over statleg tilskot			5,6	12,3
Karriererettleiing			1,1	1,1
Tilskot til elevorganisasjonar	0,04	0,04	0,04	0,04
Sum mogleg innsparing	13,4	20,8	33,2	44,1

Fylkesdirektøren tilrår følgjande overordna gruppering og prioriteringsrekkefølge for tenestene i opplæringssektoren:

1. Kjernenivå for lovpålagde tenester
2. Lovpålagde tenester som blir vurderte til ikkje å ha innsparingspotensiale
3. Lovpålagde tenester som blir vurderte til å ha innsparingspotensiale, lovpålagde tenester der mogleg innsparingspotensiale og konsekvensar av reduksjon i løyvingane krev nærare utgreiing, ikkje lovpålagde tenester

Fylkesdirektøren tilrår slik prioriteringsrekkefølge på tenestenivå:

Teneste	Prioritering	
	Gruppe	Tiltak
Kjernenivå - lovpålagde oppgaver (gjeld alle "pakkar"/tenesteområde)	1	1
Tilpassa opplæring	2	2
Pedagogisk-psykologisk teneste	2	2
Tilskot til praksisopplæring i maritim og marin opplæring	2	2
Bibliotektenesta	2	2
Byggvedlikehald inkludert reinhald, vaktmeistertenester og driftsvedlikehald av skulebygg	3	3
Miljøkoordinator	3	4
Omstillingstiltak for pedagogisk personale	3	5
Instruktøropplæring	3	6
Rekruttering og kompetanseutvikling pedagogisk personale	3	7
Karriererettleiing	3	8
Sommarskule	3	9
Stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa	3	10
Leiing, ut over avtalefesta nivå	3	11
Oppfølging av kostnadskrevjande tiltak i vedteke handlingsprogram	3	12
Innføringsgrupper for minoritetsspråklege	3	13
Læringsamlingar	3	14
Folkehelsearbeid ved skulane	3	15
Rådgeving, ut over avtalefesta nivå	3	16
E-pedagog*	3	17
Systemansvarleg IKT*	3	17
Gratis læremiddel/PC-ordninga	3	18
Skule- og tilbodsstruktur	3	19
Administrative støttefunksjonar	3	20
Dei økonomiske rammene for drift av dei vidaregåande skulane	3	21
Oppfølgingstenesta	3	22
Lærarressurs, som del av open skule	3	23
Fagnettverk	3	24
Drift av landslinene, inkl byggvedlikehald	3	25
Fagskuleutdanning, ut over statleg tilskot	3	26
Arbeidslivskontakt	3	27
Digital satsing - kompetanseutvikling	3	28
Skule- og tilbodsstruktur, Hordalandsavtalen	3	29
Analyse av elev- og lærlingundersøking	3	30
Tilskot til elevorganisasjonar	3	31
Midlar til pedagogisk utviklingsarbeid	3	32
Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle idrettsutøvarar	3	33
Tilskot til vaksenopplæringsforbundet (VOFO)	3	34
Jordbruksskulegard (ufordelt løyving)	3	35

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑